

Ida Hjelmesæth

From: Gudleik Grimstad
Sent: tirsdag 22. august 2023 09:58
To: Daniel Naurin; Ida Hjelmesæth; Magnus Gulbrandsen
Cc: Anne Julie Semb; Kari Marie Pound Davies
Subject: Revisjon av administrasjonsreglement ARENA
Attachments: Administrasjonsreglement ARENA revidert.docx

Hei,

Viser til at det i haust skal veljast/utnemnast nytt styre ved ARANA for perioden 2024-2027.

Vedlagt er skisse/forslag til revidert administrasjonsreglement for ARENA.

Normalreglar for institutt ved UiO vart revidert i 2021 i samband med vedtak om nytt kvalitetssystem for utdanning.

Ettersom ARENA ikkje har studieprogram er det ikkje av den grunn behov for å revidere senteret sitt administrasjonsreglement av 27.9.2019.

I tillegg til revisjonar som skuldast ovanståande er det for alle institutt og senter ved fakultetet i tillegg gjort enkelte andre revisjonar, som også bør omfatte ARENA (pga av omfanget av dei forslåtte endringane er det ikkje nytta track changes i oversendte forslag):

- Nummerering av paragrafar i samsvar med normalreglane for å lette attfinning og justering ved nye endringsbehov.
- Andre rettingar og redaksjonelle endringer utan vesentleg substansiell betydning
- Generelt - Følgjande formulering er lagt til i alle institutt-/senterreglementa under § 4 Instituttleder: «Instituttleder utøver sitt ansvar blant annet gjennom å delegere myndighet innenfor eget fullmaktsområde til nestleder, kontorsjef og eventuelt andre som instituttleder velger å delegere slik myndighet.»

I skisse til administrasjonsreglement for ARENA er «instituttleder» sjølvstøtt bytta ut med «senterleder».

Dersom ARENA ikkje finn tungtvegande grunnar til å halde på dagens ordning foreslår fakultetet også eit par andre endringar, som vil gjere at leiing og organisering av ARENA kjem meir i samsvarer med fakultetet sine andre grunneiningar:

- 1) I skissa er samansettinga av styret gjort tilnærma lik dei andre grunneiningane, men framleis med ekstern representasjon (to representantar) i ARENA-styret (som også dei andre grunneiningane kan velje om dei ynskjer)
- 2) Sterkare representasjon for tilsette ved senteret ved at ordninga med ekstern styreleiar vert foreslått avskaffa og talet på eksterne representantar redusert frå fire til to
- 3) Som for dei andre grunneiningane vert det foreslått at tilsett senterleiar også er styreleiar og at senterleiar utpeiker nestleiar.
- 4) Det vert ikkje foreslått å endre rekruttering av senterleiar frå tilsett til vald.

Gitt at reglementet ikkje avvik vesentleg frå normalreglane, vil det vere dekanen som har fullmakt til å godkjenne reglementet etter styrehandsaming ved ARENA.

Venleg helsing

Gudleik Grimstad
fakultetsdirektør
Det samfunnsvitenskapelige fakultet
Universitetet i Oslo

tlf. +47 90687347

E-post: gudleik.grimstad@sv.uio.no

.....

Gudleik Grimstad
Faculty Director
Faculty of Social Sciences
University of Oslo

Phone: + 47 90687347

E-mail: gudleik.grimstad@sv.uio.no